



Radøy kommune

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim
Radøy

Austrheim kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2197 - 14/8146

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
24.07.2014

Landbrukssak Gbnr 157/9 Bergsvik - handsaming etter jordlova

Delegasjonssak nr.:

Gbnr 157/9 - Bergsvik - søknad om deling - handsaming etter Jordlova

Vi viser til motteke søknad om deling kome landbrukskontoret i hende 24.07.2014. Søkjar Roald Martin Lerøy og Målfrid Lerøy eig gnr/bnr 157/9 Bergsvik, og ynskjer å dele ifrå ein teig om lag 1,3 daa til bustadføre mål.

Landbrukseigedommen gnr/bnr 157/9 i Austrheim kommune har totalt 94,4 daa, beståande av 3,2 daa fulldyrka, 0,5 daa overflatedyrka, 0,7 daa innmarksbeite, samt anna areal.

Planstatus for området som er omfatta av delingssøknaden er LNF (landbruk, natur, friluftsliv). Jamfør rundskriv M-1/2013 skal ein vurdere Jordlova § 9 bruken av dyrka og dyrkbar mark først, om ein skal vurdere Jordlova § 12 deling.

Jordlova § 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord

«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.»

Vurdering:

Føremålet med forbodet mot omdisponering er å verne produktive areal og jordsmonnet. Det grunnleggande føremålet med bestemminga er jordvern, det vil sei å sikre matproduserande areal. I denne saka vil det arealet det vert søkt om å dele ifrå ikkje bli brukt i tråd LNF-føremålet etter ei eventuell deling. Arealet der det vert søkt om frådelling til tomt er jamfør skog og landskap sine kartdatabasar 0,5 daa overflatedyrka areal, 0,7 daa skog og 0,1 daa anna areal.

Det skal føretakast ei samla vurdering av forholda. Det kan takast omsyn til godkjente planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gje.

Det kan ikkje seiast å være samfunnsgagn av særlege høve som tilseier ein skal gje samtykke til omdisponering. Samfunnsgagn skal i denne samanhengen forståast med noko som kjem ei større gruppe menneske til gode.

Vi finn at i denne saka vurderar vi dei miljø- og driftsmessige ulempene til å være av avgrensa storleik. Vi ser det som positivt at ein ynskjer legge nytt bustadhus i området der det allereie eksisterar fleire hus, og at tomte er i nærleiken av vegen, og ein kan vonleg kome fram til gode løysingar for avkøyrsla. Ein har såleis tillempa å begrense ulempene for dei som skal ha yrket sitt i landbruket, med at ein har valgt ei plassering i nærleiken av anna bustadbebygging.

Etter ei samla vurdering av tilhøva finn rådmannen at ein kan gje samtykke til omdisponering i denne saka.

Rådmannen gir samtykke til omdisponering etter Jordlova § 9.

Jordlova § 12 Deling

Vurdering:

Det skal vurderast om ei deling vil legge til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur.

I dette inngår:

- Vern av arealressursane
- Om delinga fører til ei driftsmessig god løysing
- Om delinga fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket

Landbrukseigedommen gnr/bnr 157/9 er etter måten ein mindre landbrukseigedom om ein ser på gjennomsnittstorleiken på gardsbruk i regionen.

Ei deling vil alltid kunne gje uforutsette drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket. Men, i denne saka finn rådmannen at ein har tillempa å redusere ulempene gjennom måten tomte ein søker om å dele ifrå er planlagt, i og med at det er fleire eksisterande hus og vegar kloss i omsøkt tomt allereie. Vi viser til kartet som ligg ved søknaden.

Rådmannen finn at i denne saka lyt arealressursane sine interesser vike til føremun for busettingsomsyn.

Vedtak:

Rådmannen gir samtykke til deling av 1,3 daa tomt frå gnr/bnr 157/9 Bergsvik i Austrheim kommune. Vedtaket har heimel i Jordlova §§ 9 og 12.

Saka lyt også vurderast etter plan og bygningslova før saka er endeleg avgjort.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Austrheim kommune